

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Jamfør Plan- og bygningslova § 8.4 vedtek fylkestinget følgjande dokument for dei areala som ligg i Hordaland:
 - a. Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 datert 02.11.2015
 - b. Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016-2021 datert 02.11.2015
 - c. Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016 datert 02.11.2015
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning og at plan- og bygningslova vert nytta som eit sentralt instrumentet for samordna vassplanlegging.
3. Fylkestinget føreset i samband med plangodkjenning at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorars/departement sin eigen oppfølging av planen.
4. Fylkestinget føreset at alle styresmakter det vedkjem nyttar planen som grunnlag for gjennomføring av tiltak, budsjettering og enkeltvedtak.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årleg budsjett.